

INFORMASJON FRA SAU

GODE SAUDABUAR!

Sauda og andre kommunar rundt oss har innført strenge og omfattande tiltak for å begrensa smittespreiing. Då er det viktig at me stiller oss fullt og heilt bak desse tiltaka slik at ein ikkje sprer smitte til dei mest utsette gruppene av befolkninga.

Det er brukt eit uttrykk som at «dette er ein nasjonal dugnad» for å vera dei mest utsette av oss.

Kommunen har sett i gang ei rekke tiltak. Desse tiltaka blir publisert fortløpende på kommunen sine nettsider, og me prøver så godt me kan å få denne informasjonen ut i lokalavisa.

Barnehagar og skular er stengde, Saudahallen, bibliotek og rådhus er stengt,

politiske møte er utsette, og me har lukka ned alle kultur- og idrettsarrangement. Åbøtunet, Høllandstunet, Sauda DMS, Bøgata og Torsvegen er stengde for besøk som ikkje er strengt nødvendige og har no adgangskontroll.

Me oppfordrar folk til så langt det er mogleg å halda seg unna store folkemengder og vera mest mogleg heime.

Eg vil berømma alle som står på for Saudasamfunnet i ei vanskeleg tid. Då tenkjer eg spesielt på dei innan helse- og omsorgsyrka, og dei som har andre samfunnskritiske oppgåver.

Eg er sjølv sett i karantene etter at eg hadde eit utanlandsopphold. Det er viktig at alle

som blir sette i karantene også følgjer dei strenge reglane.

Hugs at i den situasjonen me er inne i nå treng alle meir informasjon og omtanke. Bruk dei sosiale medier som passar, ta ein telefon til ein du bryr deg om, hjelpe kvarandre med praktiske gjeremål, og prøv å leva som tilnærma normalt. Me skal ta vare på kvarandre, men med minst mogleg fysisk kontakt.

Bruk den flotte naturen me har i Sauda. Gå deg ein tur, det er bra for både sjel og sinn, men hold avstand til andre.



Ordførar Asbjørn Birkeland

HANDLEHJELP

Sauda Frivilligsentral i samarbeid med Sauda kommune tilbyr handlehjelp og hjelp til andre nødvendige ærend for personar i karantene, samt personar i risikogruppa som ikkje har pårørande til å hjelpe seg.
Gjeld kl. 10.00-15.00 på kvardagar.



Ta kontakt med Mari på tlf. 920 81 654.

KULTUR

Arrangement

Odd Nordstoga er flytta til **14. august**.

Tom Roger Aadland/Tove Bøygard er flytta til **28. august**.

Påskedansen 8. april er avlyst. Eidsvåg/Dagsland er enno ikkje avklart.

Biblioteket

er stengt, men vi forsøker likevel å gi et begrenset tilbud til publikum. Ingen vil i denne perioden komme fysisk inn på biblioteket, men det vil være mulig å låne bøker for de av dere som benytter BiblioFil-appen, eller som logger på nettsiden til Ryfylkebiblioteket, <https://ryfylke.bib.no/>.

All transport mellom norske biblioteker er stengt, så lån av bøker på nett vil KUN gjelde bøker som står tilgjengelige på hylla her hos oss i Sauda. Det er derfor viktig at dere sjekker, og bestiller, de eksemplarene som befinner seg hos oss. Når dere har mottatt hentemelding, kan dere komme og hente boka mellom kl. 10.00 og 15.00 på ukedager. Om dere ikke ser oss, så bank på vinduet. Da skal vi levere bøkene gjennom ytterdøra.

RENOVASJON

Sorteringsanlegget holder stengt for levering av avfall frå private. Kveldsåpent for næring utgår også. Henting av husholdningsavfall går som normalt.

BRANNSTASJON

Brannstasjonen er stengt for besøkande.

SAUDAHALLEN

All aktivitet i Saudahallen er stengt.

NÆRINGSLIV

Dagens situasjon er ekstremt krevande for mange bedrifter og me veit lite om korleis situasjonen vil utvikla seg. Karantenebestemmelsar, usikkerhet rundt vareflyt, permitteringsreglar og tiltakspakkar gir utfordringar, men også muligheter til å komma styrka ut på den andre sida. Sauda kommune ønskjer å vera ein god støttespelar for lokalt næringsliv. Har du spørsmål eller ønskjer ein prat, så ta kontakt.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.



Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

